

**Månad:** oktober 2022

**AKTIVITET**

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
DRG poeng	428	383	45	324	104	3 787	3 526	261	2 924	863
Tal heildøgnsopphald	1 654	1 604	50	1 645	9	15 018	15 877	-859	14 893	125
Tal utskrivne pasientar	78	91	-13	70	8	785	868	-83	756	29
Polikliniske kons. m/refusjon	2 267	2 509	-242	1 923	344	20 222	23 069	-2 847	18 395	1 827
<b>Rus</b>										
DRG poeng	32	41	-9	30	2	368	378	-10	341	27
Tal heildøgnsopphald	528	597	-69	456	72	5 165	6 157	-992	5 062	103
Tal utskrivne pasientar	22	20	2	13	9	179	200	-21	146	33
Polikliniske kons. m/refusjon	194	287	-93	205	-11	2 051	2 626	-575	2 051	0
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
DRG poeng	477	584	-107	581	-104	4 266	5 293	-1 027	5 039	-773
Tal heildøgnsopphald UPH	109	138	-29	166	-57	1 018	1 014	4	1 040	-22
Tal utskrivne pasientar UPH	10	9	1	8	2	105	68	37	67	38
Polikliniske kons. m/refusjon	1 673	1 712	-39	1 694	-21	15 289	15 512	-223	15 124	165

**Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)**

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore moderat i perioden med aktivitet litt lågare enn plan. I høve fjoråret har vi auke i aktiviteten.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) ser vi det same biletet, der døgnopphald er lågare enn venta. Også her har vi høgare aktivitet enn i fjor.

**Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)**

Aktiviteten i perioden har totalt sett vore god både for poliklinikkar og ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH), men vi har vanskar med å oppnå planlagt aktivitet ved ein av poliklinikkane. Det er framleis relativt stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for barn og unge. Ventetida syner positiv utvikling, og er i oktober på 38 dagar for dei som har starta behandlinga.

**Beleggsprosent døgnsesjonar**
**Beleggsprosent inklusiv perm og anna fråvær, oktober 2022, klokka 7**

Institusjon	Klinikk	Post	Siste 12 mnd	I vald periode	Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd	Pasient på korridor
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Akutt Døgn, Psyk.Førde	72 %	81 %	9 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	DPS Allmenn Førde	72 %	84 %	12 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	DPS psykose Førde	94 %	100 %	6 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	ISP Døgn	69 %	80 %	11 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Lokal tryggleikspost Førde	99 %	97 %	-3 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	NPS Døgn	81 %	84 %	3 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	NPS Rus	57 %	64 %	6 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Ruspost Tronvik	67 %	48 %	-19 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Ungdomspost for psykisk.helsevern	66 %	59 %	-7 %	0
<b>Totalt</b>			<b>73 %</b>	<b>76 %</b>	<b>3 %</b>	<b>0</b>

## ØKONOMI

Artskonto		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
☐ ISF inntekter	HV031.1.01	3 086	3 281	-195	27 739	29 868	-2 129
☐ Gjestepasient inntekter	HV031.1.02	903	554	350	7 087	5 536	1 551
☐ Poliklinikk og andre pasientinntekter	HV031.1.03	916	984	-68	7 842	8 274	-432
☐ Pasientrelatert inntekt	HV031.1	4 905	4 818	87	42 667	43 677	-1 010
☐ Basistilskudd	HV031.2	40 723	40 275	447	370 710	366 461	4 249
☐ Andre inntekter	HV031.3	285	321	-36	4 285	3 394	891
☐ Sum Driftsinntekter	HV031	45 913	45 415	498	417 662	413 533	4 130
☐ Varekostnader og Helsetjenester	HV032.1	-687	-1 232	545	-13 612	-11 945	-1 666
☐ Lønn- og personalkostnader	HV032.2	-41 107	-40 092	-1 015	-374 565	-362 455	-12 110
☐ Øvrige kostnader	HV032.3	-4 158	-4 092	-67	-40 440	-39 133	-1 307
☐ Sum Driftskostnad	HV032	-45 952	-45 415	-537	-428 617	-413 533	-15 084
☐ Driftsresultat	HV033	-39	0	-39	-10 954	0	-10 954

### Denne perioden:

Totale inntekter i perioden er 0,5 mill. høgare enn budsjett. Meirinntekt knytt til basistilskot skuldast at vi har fått ekstra midlar til å styrke tilbodet i 2022. Dette er med å forklare delar av meirkostnaden knytt til løn. Desse midlane er ikkje vidareført til 2023. Aktiviteten er litt lågare enn budsjett i perioden, men inntekter frå gjestepasientar er over budsjett.

Personalkostnadene er 0,5 mill. høgare enn budsjett i perioden, og reisekostnader er 0,5 mill. over budsjett. Vi har nokre stader utfordringar med sjukefråvær og vakante stillingar som bidreg til mykje overtid. I tillegg manglar vi fleire overlegar, og har brukt 1,4 mill. meir enn plan på innleige frå vikarbyrå. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar har vore 0,5 mill. lågare enn budsjett i perioden.

Sum driftskostnader er 0,5 mill. høgare enn budsjett. Bokført resultat i perioden er lik budsjett.

### Til no i år:


Bokførte inntekter er 4,1 mill. høgare enn budsjett. ISF inntektene er 2,1 mill. under budsjett, og gjestepasientinntekter er 1,6 mill. høgare enn budsjett. Vi har bokført 5,2 mill. i ekstra prosjektmidlar så langt i år. Dette er midlar som ikkje vert vidareført til komande år.

Totale driftskostnader er 15,1 mill. høgare enn budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar i andre føretak har samla sett vore 0,9 mill. over budsjett så langt i år. Personalkostnadene til no i år er 11,6 mill. høgare enn budsjettet, der innleige av helsepersonell utgjør 10,7 mill.

Resultatet hittil i år er 11,0 mill. svakare enn budsjett.


## MEDARBEIDARAR

### Månadsverk:



Gjennomsnittlig tal brutto månadsverk siste tolv måneder er 472. For eitt år sidan var dette talet 465. Auken skuldast hovudsakleg etablering av tryggingspost i Førde.

### Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 6,0 prosent i september mot 7,8 prosent i same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråvær siste tolv måneder var 7,7 prosent. For eitt år sidan var talet 7,6 prosent.


## KVALITET

### Epikrise



I september var 82 prosent av epikrisene innan PHV sende innan sju dagar, og 32 prosent var sende innan ein dag.

## HELSE FØRDE HF - Psykisk helsevern




I september var 79 prosent av epikrisene innan TSB sende innan sju dagar, og 37 prosent var sende innan ein dag.

### Korridorpatientar

Det er ikkje registrert korridorpatientar i oktober.


### Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 227 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 23 dagar.

I same periode i 2021 var det 280 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 25 dagar.

## Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 178 pasientane som har fått starta si behandling i perioden har i snitt venta 28 dagar før behandlinga tok til.

I same periode i 2021 var det 137 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 31 dagar før dei fekk starta behandling.

## Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved perodeslutt
	Pasientar
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0
Indre Sogn Psykiatrisenter	3
Nordfjord Psykiatrisenter	0
Psykiatrisk klinikk	0

Det har vore tre fristbrot ved Indre Sogn psykiatrisenter. Vi har utfordringar med kapasitet og kompetanse.